



My Bygg As  
Andrius Petnycia  
H0102 Conrad Mohrs veg 34G  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5693 - 23/62188

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune.no

Dato:  
09.08.2023

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 430/16 Vågenes indre

Tiltak: dispensasjon - riving av eksisterande og oppføring av ny fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 430/16  
Tiltakshavar: Mantas Petrauskas  
Ansvarleg søkjar: My Bygg As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.07.2023.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatte tegningar av bustaden. Dette gjeld for plan, snitt og fasade
2. Det er uklart om nabovarsel for dispensasjon inneheld målsatte teikningar av bustaden. Dersom dette ikkje var nabovarsla er det naudsynt å nabovarsle på nytt. Dersom dette var nabovarsla ber vi om stadfesting av dette.
3. Det er ikkje opplyst i søknad grad av utnytting. For at vi skal kunne handsame søknad om dispensasjon er det naudsynt at dette går fram av søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.08.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### GENERELL INFORMASJON

#### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjever

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Mantas Petrauskas  
My Bygg As

Conrad Mohrs veg 34G	5072	BERGEN
H0102 Conrad Mohrs veg	5072	BERGEN
34G		